



Jnr. 1041.19
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland
Ordførar og rådmann i Fusa kommune
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

fredag 15. mars d.å kl 09.30 på Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio.

Då vert føre:

- Sak 09/19 Godkjenning av referat frå møte 1. februar 2019
- Sak 10/19 Framlegg til årsmelding 2018
- Sak 11/19 Framlegg til rekneskap 2018
- Sak 12/19 Framlegg til økonomiplan 2019-2022
- Sak 13/19 Framlegg til budsjett 2019
- Sak 14/19 Framlegg til handlingsplan 2019
- Sak 15/19 Framlegg til nytt styret 2019-2021
- Sak 16/19 Framlegg til representantskapsleiar og nestleiar 2019-2021
- Sak 17/19 Val av representant til styringsgruppa for reiselivet
- Sak 18/19 Skriv og meldingar
 - a) Etablerarsenteret og Invest in Bergen
 - b) Planlegging av program til møte 29. april – Vestland
 - c) Planlegging av møte med Hordalandsbenken 26. mars
- Sak 19/19 Ymse

Sunnhordland, 7. mars 2019

Gro Jensen Gjerde
Dagleg leiar

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. mars kl. 09.30
Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio

Sak 10/19
GJG/rr

Framlegg til årsmelding 2018

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til årsmeldinga.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek årsmeldinga for 2018 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. mars kl. 09.30
Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio

Sak 11/19
GJG/rr

Framlegg til rekneskap 2018

Rekneskap for 2018 ligg vedlagt årsmøtesakene. Rekneskapen vert lagt fram med eit overskot på kr. 297 171,-.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskjeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek rekneskapen for 2018 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. mars kl. 09.30
Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio

Sak 12/19
GJG/rr

FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2019-2022

Administrasjonen legg med dette fram forslag til økonomiplan for perioden 2019-2022.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til økonomiplanen.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek økonomiplanen for perioden 2019-2022 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. mars kl. 09.30
Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio

Sak 13/19
GJG/rr

Framlegg til budsjett 2019

Forslag til budsjett for 2019 ligg vedlagt årsmøtesakene. Etter ønske frå arbeidsutvalet har administrasjonen utarbeidd to budsjett. Eit budsjett for Samarbeidsrådet og eit for VisitSunnhordland.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til budsjetta.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek budsjetta for 2019 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. mars kl. 09.30
Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio

Sak 14/19
GJG/rr

Handlingsplan 2019

Forslag til handlingsplan for 2019 ligg vedlagt årsmøtesakene.
Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til handlingsplanen.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek handlingsplan for 2019 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. mars kl. 09.30
Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio

Sak 15/19
GJG/rr

FRAMLEGG TIL NYTT STYRET I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Val av nytt styret 2019-2021

Styret i Samarbeidsrådet vert valt for to år. Det er Representantskapet som vel styret. Styret i Samarbeidsrådet skal i følgje vedtektene vera samansett av 2 ordførarar og 1 rådmann. Det er krav til kjønnsbalanse i styret.

I inneverande periode (2017-2019) har styret vore samansett av følgjande personar:

Ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar kommune (styreleiar)
Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune (nestleiar)
Geir Aga, Bømlo kommune (styremedlem)
Ordførar Siri Klokkestuen, Etne kommune (varamedlem)

Det har vore tradisjon for at nestleiar vert ny styreleiar og at varamedlem vert ny nestleiar. Etter ei fast rullering føreslår difor styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland at styret for perioden 2019-2021 vert samansett av:

Morten Storebø, Austevoll kommune (leiar)
Siri Klokkestuen, Etne kommune (nestleiar)
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (styremedlem)
Jorunn Skåden, Sveio kommune (varamedlem)

Dersom det vert endringar i val av ordførar etter valet i september 2019, skal valt ordførar i dei kommunane det gjeld, tre inn i styret fram til ny godkjenning i representantskapet i desember 2019.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskjeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til kven som vert innstilt som nytt styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek forslag til innstilling til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. mars kl. 09.30
Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio

Sak 16/19
GJG/rr

FRAMLEGG TIL REPRESENTANTSKAPSLEIAR OG NESTLEIAR 2019-2021

Representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland består av 3 kommunestyrerepresentantar frå kvar kommune m/ personlege varamedlemmer.

Oversikt over representantskap for perioden 2015-2019 (varamedlemmer i parantes):

Medlem

Varamedlem

Austevoll:

Renate Møgster Klepsvik
Håvard Endre Waage
Joon Raymond Haugland

Edvard J. Stangeland
Vibeche Storebø
Grethe Drønen Ringdal

Bømlo

Torunn Laurhammer
Karstein Fylkesnes
Inge Reidar Kalleståg

John Magne Søvold
Birgit Esperø
Signe Lund Jansen

Etne:

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Ingemund Berge
Kenneth Lyng Karlsen

Lars Olav Bergsvåg
Alf Ove Nilsen
Maren Tungesvik Tveiten

Fitjar:

Ida Marlen Havn
Karen Elisabet Rydland Sæbø
Harald Rydland

Geirmund Aga
Svein Malvin Maraas
Hilde Karin Vedøy Eiken

Kvinnherad:

Hans Inge Myrvold
Sølvi Ulvenes
Hilde Enstad

Otto Benjaminson
Arne Bjørnevik
Bernth Harry Eliassen

Stord:

Lene Pilskog
Sverre Olav Svarstad
Oskar Emil Langeland

Sigurd Sævereid
Fredrik Litleskare
Silje Vatne

Sveio:

Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
Håkon Skimmeland
Lars Einar Hollund

Rune Teikari
Linn Therese Erve
Astrid Karin Strand

Tysnes:

Ingrid Restad
Magne Hauge Skartveit
Sigvard Michael Madsen

Ingrid Tysnes Stue
Øystein Flakke
Bjørn Lande

I perioden 2017-2019 har Lene Pilskog, Stord kommune vore leiar, medan Ingemund Berge, Etne kommunar har vore nestleiar.

Oversikt over representantskapsleiarane/nestleiarane i perioden 2007-2019:

	Leiar	Nestleiar
2007-2009	Edvard Johannes Stangeland, Austevoll	Lorentz Lunde, Tysnes
2009-2011	Lorentz Lunde, Tysnes	Wenche Tislevoll, Fitjar
2011-2013	Harald Rydland, Fitjar	Arve Opsanger, Kvinnherad
2013-2015	Arve Opsanger, Kvinnherad	Jarle Jacobsen, Sveio
2015-2017	Ruth G. Østebøvik Eriksen, Sveio	Lene Pilskog, Stord
2017-2019	Lene Pilskog, Stord kommune	Ingemund Berge, Etne kommune

Dersom ein vel å fortsette rulleringa slik det har vore, er det Etne kommune som skal ha representantskapsleiareren og Bømlo kommune nestleiareren.

Administrasjonen har vore i kontakt med ordførarane i Etne og Bømlo som har sett fram forslag om at Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune vert leiar og Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune vert nestleiar for perioden.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til kven som vert innstilt som ny leiar og nestleiar til Representantskapet.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek forslag til innstilling til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. mars kl. 09.30
Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio

Sak 17/19
GJG/rr

VAL AV REPRESENTANT TIL STYRINGSGRUPPA FOR REISELIV

Det er val av ny styringsgruppe for reiselivssatsinga annankvar år. Ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune har vore Samarbeidsrådet sin representant i styringsgruppa for reiselivssatsinga sidan 2016 og dermed har han stått i 2 periodar. Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune har vore vararepresentant.

Styringsgruppa består av valde representantar frå kommunane, næringslivsrepresentantar og ein representant/politisk frå Samarbeidsrådet.

Administrasjonen føreslår at ordførar Gaute S. Epland, Stord kommune vert Samarbeidsrådet sin representant i styringsgruppa for dei neste to åra, med ordførar Siri Klokkestuen, Etne kommune som vararepresentant.

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vel ordførar Gaute S. Epland, Stord kommune til styringsgruppa for reiseliv for perioden 2019-2020.
2. Ordførar Siri Klokkestuen, Etne kommune vert valt som vararepresentant.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. mars kl. 09.30
Haugaland Storhusholdning, Ekrene i Sveio

Sak 18/19
GJG/rr

SKRIV OG MELDINGAR

a) Etablerarsenteret og Invest in Bergen

I møte i Samarbeidsrådet 1. februar orienterte Hordaland fylkeskommune om arbeidet i Etablerarsenteret og Invest in Bergen. Kommunane i Sunnhordland er dei einaste i fylket som ikkje er med i dette arbeidet, og det er sterkt ynskje om at kommunane blir med. Det vart i etterkant av møte sendt ut eit notat til kommunane frå fylkeskommunen, der det vert skissert ei tilpassa løysing for kommunane i Sunnhordland.

Det vert i møte lagt opp til ei drøfting om korleis kommunane tek stilling til invitasjonen om å ta del i det vidare arbeidet med etablerarsenteret og Invest in Bergen.

b) Planlegging av program til møte 29. april – Vestland

Fellesnemda sitt arbeidsutval førebur no nye Vestland fylkeskommune. Arbeidsutvalet inviterer til fem opne møter om viktige vegval for Vestland fylke. Føremålet med møta er å få fram kunnskap og innblikk i utfordringar i ulike delar av det nye fylket, som rører ved Vestland fylkeskommune si rolle som tenesteleverandør og samfunnsutviklar.

I Sunnhordland vert møtet 29. april på Stord Vidaregåande skule, Saghaugen med tidsramme 1700-20.00.

Program for møta er like:

- Fylkesordførarane Anne Gine Hestetun og Jenny Følling presenterer visjonane for den nye regionen
- Orientering om korleis den nye fylkeskommunen vil bli organisert ved framtidig rådmann Rune Haugsdal
- Presentasjon av fakta om utviklingstrekk i regionen og resultat av spørjeundersøking om utfordringar
- Frå lokalt hald kjem det innlegg med innspel om kva som er dei viktigaste tema for felles satsingar framover frå representantar frå kommunane, næringslivet, lag og organisasjonar.
- Viktigast er at alle kan koma med innspel om kva dei meiner bør prioriterast i ein utviklingsstrategi for fylket (regional planstrategi 2020-2024).

Samarbeidsrådet har fått førespurnad om å ha ansvar for dei førebudde innlegga frå regionen.

Det er lagt opp til at kvar av desse innlegga skal vera på maks 10. min, og at det kan vera inntil 4 innlegg. Innleiarane må gjerne peika på dei tre viktigast utfordringane der organisasjonen og fylkeskommunen kan samarbeida om å nå viktige utviklingsmål.

I møte må Samarbeidsrådet ha ei drøfting på kva som er viktig å få fram for regionen, og kven som skal målbera dette. Det er og eit ynskje om at ein av innleiarane kjem frå eit ungdomsråd.

c) Planlegging møte med Hordalandsbenken 26.mars

Det vert fellesmøte mellom regionråda i Hordaland og Hordalandsbenken 26. mars frå kl. 16.00. I møte må Samarbeidsrådet drøfta kva som er viktig for Sunnhordland å ta opp i dette møte.

Det er avtalt eit møte i Kommunal og Moderniseringsdepartementet kl. 10.00 med statssekretær Lars Jacob Hiim.

Avventer svar frå andre departemet.

Minner og om Miljøledelsekonferansen <https://www.miljofyrtarn.no/miljoledelseskonferansen-2019/> på Oslo Kongressenter.